



## Søknadsordning for kultur- og frivilligformål 2025 – Friluftslivets år

Friluftslivets år er eit nasjonalt markeringsår for friluftsliv, som vert arrangert kvar tiande år med støtte frå Klima- og miljødepartementet. Gjennom året skal nasjonale og lokale tiltak vise fram breidda i friluftslivet, gjere det enklare å delta og leggje til rette for å prøve noko nytt.

For meir informasjon, sjå [www.friluftslivetsar.no](http://www.friluftslivetsar.no)

### Tilskot til aktivitetstiltak i forbindelse med Friluftlivets år

Giske Kommune lyser med dette ut midlar på totalt 50 000,- i høve markeringa av Friluftslivets år 2025.

Tilskotsordninga er ein del av markeringa av friluftslivets år 2025 og skal bidra til eit større mangfald av friluftslivsaktivitetar og arrangement.

### Kven kan søke?

Frivillige lag og organisasjoner i Giske Kommune.

Søkjarar må vere registrert og presentere aktivitet i aktivitetskalender – [giske.friskus.com](http://giske.friskus.com)

### Kva kan du søke støtte til?

Arrangement og aktivitetstiltak som er med på å auke merksemda rundt friluftsliv og som kan auke deltakinga i friluftslivet.

Søkjarane må ha som mål å synleggjere friluftstilboda/tiltaka og oppmuntre til varig deltaking gjennom året.

Aktivitetane skal bidra til begeistring for eit naturvenleg friluftsliv og senke terskelen for deltaking slik at fleire kan få gode opplevingar utandørs og finne ein aktivitet å trivast med over tid.

### Tilskotsordninga er retta mot målgruppene:

- 1) Barn og unge.
- 2) Dei som har lyst til å vere meir aktive i naturen.
- 3) Dei som ikkje kjenner friluftslivet.

### Budsjett og rapportering

Søkjar må vise til plan for gjennomføring med oversikt over finansiering, kostnadar og anna ressursbruk.

Ved endt prosjekt skal det leverast rapportering på at midlane er nytta i henhold til søknad.

### Korleis søker?

Søknadsfrist: 30.04.25

Rapporteringsfrist: 31.12.25

[Gå til Søknadskjema](#)